

**Arbeidet med den nye klatreføreren for Uskedalen har trukke ut, men no er det meir fart i framdrifta. Odd Magne Øgreid i Bergen Klatreklubb opplysar til uskedalen.no at han iløpet av hausten har overteke arbeidet med å ferdigstilla føreren og at all klatrerelatert informasjon no er på plass. Det vert no jobba med generell informasjon om Uskedalen, bilete og reklame.**

Føreren vert på totalt 144 sider samt omslag og formatet er B 5.

- Kven vert det teke kontakt med i Uskedalen?- I fyrste omgang har vi retta oss mot utstyrproducentar og kursarrangørar med tilbod om reklameplass. Men det er kanskje nokre foretak også sjøive Uskedalen som kan ha interesse av reklameplass. Eg tenkjer millom anna på overnattingsstader. I så fall kan dei ta kontakt med meg på omogreid@broadpark.no

Over er utkastet til framsida slik ho no føreligg.

Av Ola Matti Mathisen